



«MOTTAKERNAVN»

Fiskeridirektoratet  
Selje kommune

Saksbehandlar, innvalstelefon

Tom Dybwad, 5764 3123

## Marint vern kring Stad - referat frå møte 04.06.2019 med Selje kommune og Fiskeridirektoratet

Vi takkar for eit godt og konstruktivt møte om marint vern kring Stad.

Møtet kom i stand i fordi Fylkesmannen ønskte å informere om arbeidet med marint vern og få tilbakemelding og innspel frå Selje kommune og Fiskeridirektoratet før vi utarbeider eit framlegg til vern som vert sendt på høyring.

Under følgjer referat frå møtet.

### Til stades:

Stein Robert Osdal, ordførar Selje kommune  
Hanne Marie Utvær, Selje kommune  
Vidar Ulriksen, Fiskeridirektoratet  
Martin Mathisen, Fiskeridirektoratet  
Leni Marie Lisæter, Fiskeridirektoratet  
Stein Byrkjeland, Fylkesmannen i Vestland  
Eline Orheim, Fylkesmannen i Vestland  
Tom Dybwad, Fylkesmannen i Vestland.

### **1. Velkomen og presentasjon**

Eline Orheim ønskte velkomen. Presentasjonsrunde

### **2. Gjennomgang av marint vern kring Stad**

Tom Dybwad gjekk gjennom saka (sjå vedlagt powerpoint)




### 3. Gjennomgang og diskusjon av ulike tema

#### a) Taretråling:

Vi hadde ei utveksling av synspunkt når det gjeld taretråling i områda kring Stad.

Fiskeridirektoratet: Området aust for Stålet (lengst nord på Stad) er viktig som referanseområde for taretråling, dvs. korleis taren utviklar seg med og utan hausting. Ein må ha meir detaljert faggrunnlag og kunnskap om området som bør skjermast mot taretråling. Området sør for Stad (Fure-Drage) er viktig for taretråling. Kan ein sjå område aust for Stålet og sør for Stad i samanheng når det gjeld taretråling (makebyte?). Området vest for Stad er lite kontroversielt. Viktig at aktive reiskap for reketråling kan halde fram. Hausting tare aust for Stålet utgjer ca. 2000 tonn, sør for Fure ca. 6000 tonn. Taretråling og marint vern må vurderast ut frå dagens regulering, dvs. dei nye sonene for taretråling frå 2018 (sjå under).



Selje kommune: Kommunen ønskjer ikkje taretråling på sørsida, Fureneset – Drage, og ønskjer utviding av det marine verneområdet her. Det marine verneområdet bør femne om heile stortaren. Selje kommune vil ha nei til taretråling sør for Stad i kommuneplanen. Ein har smertelege erfaringar med tare på land. Veg Drage-Fure har større slitasje/skade no etter taretråling. Hausting av tare aust for Stålet er ikkje så konfliktylt.



Det finst studiar om samanhengen mellom taretråling og slitasje, m.a. har Møreforsk tre referanseområde for tare på Sunnmøre. Taretråling har betydning for det biologiske mangfaldet, og det er viktig også å verne det typiske. Tare var ein kjærkomen ressurs i gamle dagar, og no er erosjon vorte eit store problem.

Ulike avgrensingar vart diskutert, m.a. om det kan vere aktuelt med ei djupnekotegrense for taretråling på sørsida av Stad, og om 231E-feltet kan takast med i det marine verneområdet og dermed ikkje ha taretråling her.

b) Akvakultur:

Selje kommune tok opp at det bør vere opning for å etablere akvakulturanlegg aust for Stålet (ned mot Tungevåg). Kommuneplanen for sjøområde vil ha med akvakultur her.

c) Vern og formidling av verneverdiar:

Selje kommune tok opp at det er viktig å formidle til turistar og lokalbefolkning kunnskap om den særmerkte naturen på og kring Stad. Ein må ha samarbeid om forskning og formidling med dei som er involverte og har kunnskap. Ein må sjå verneverdiane på land og i sjøen i samheng med det marine vernet. Fiskeridirektoratet kan bidra her.

#### **4. Eventuelt og konklusjon**

Selje kommune og Fiskeridirektoratet ønskjer at Fylkesmannen gjer meir undersøkingar i området sør for på sørsida av Stad. Fylkesmannen har vore i kontakt med Rådgivende Biologer om ei tilleggsundersøking her (ROV/video).

Det vert ei felles synfaring i området Drage – Fure i månadsskiftet august september i år, før Fylkesmannen sender framlegget til fagleg godkjenning i Miljødirektoratet.

*Ref. Tom Dybwad 24.06.2019*

Med helsing

Kjell Kvingedal  
miljødirektør

Tom Dybwad  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg: Foredrag frå Tom Dybwad på møtet 04.06.2019

Mottakerliste:

Fiskeridirektoratet  
Selje kommune



Kopi med vedlegg til:  
Miljødirektoratet